



MØTEPROTOKOLL LEVEKÅRSUTVALET

Møtedato: 06.12.2022
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 12:30 - 14:30

Orientering frå Kommunedirektør ved Ann Kristin Bolstad.

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Ivar Rødland Bergo	SP	Utvalseiar
Line Kydland	SV	Nestleiar
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Trygve Jakobsen	FRP	

Andre møtande:

Ann Kristin Bolstad, Rikke Haagensen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
18/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
19/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
20/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
21/2022	VURDERING AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM BARNEVERNSTENESTE
22/2022	ENDRING I AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID GJELDANDE BARNEVERNSTENESTA
23/2022	GRATIS SKULEMÅLTID I SKULANE I VAKSDAL
24/2022	Orientering om bemanning i barnehagane i Vaksdal



Vaksdal kommune

25/2022

BUDSJETT 2023 OG ØKONOMIPLAN 2023-2026 - VAKSDAL KOMMUNE



18/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Levekårsutvalet 06.12.2022

Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - sak 18/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

19/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Levekårsutvalet 06.12.2022

Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - sak 19/2022 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

20/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Levekårsutvalet 06.12.2022

Behandling:



Samrøystes vedteke.

LEV - sak 20/2022 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

21/2022: VURDERING AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM BARNEVERNSTENESTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å halde fram avtalen om interkommunalt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om barnevernsteneste, der Osterøy er vertskommune.

Tilleggsforslag frå Ivar Rødland Bergo (SP):

Administrasjonen skal jamnleg gje "løypemeldingar" om samarbeidet til levekårsutvalet og kommunestyret.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.11.2022

FPØ - sak 97/2022 Vedtak/Tilråding:

Kommunedirektøren tilrår å halde fram avtalen om interkommunalt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om barnevernsteneste, der Osterøy er vertskommune.

Levekårsutvalet 06.12.2022

Behandling:

Ole-Anders Brekklus (AP) ber om at hans habilitet blir vurdert i høve sak 21/2022 og 22/2022 då han er ansatt i barnevernstenesten og han fråtrådte møtet.

Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad sin tilråing er at Ole-Anders Brekklus blir funnet habil jf Fv.I § 6, siste avsnitt.

Røysting:

Samrøyses vedteke at Ole-Anders Brekklus er habil.

Formannskapet sin innstilling vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag frå Ivar Rødland Bergo (SP) vart samrøystes vedteke.



LEV - sak 21/2022 Vedtak/Tilråding:

Kommunedirektøren tilrår å halde fram avtalen om interkommunalt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om barnevernsteneste, der Osterøy er vertskommune. Administrasjonen skal jamnleg gje "løypemeldingar" om samarbeidet til levekårsutvalet og kommunestyret.

22/2022: ENDRING I AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID GJELDANDE BARNEVERNSTENESTA

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern vert vedteken slik den ligg føre

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.11.2022

FPØ - sak 98/2022 Vedtak/Tilråding:

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern vert vedteken slik den ligg føre

Levekårsutvalet 06.12.2022

Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - sak 22/2022 Vedtak/Tilråding:

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern vert vedteken slik den ligg føre

23/2022: GRATIS SKULEMÅLTID I SKULANE I VAKSDAL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt fram tre ulike forslag til vedtak:

1. Gratis skulemåltid ved skulane i Vaksdal vert ikkje innført.
2. Gratis skulemåltid vert innført på 8. – 10. årssteg, 3 dagar i veka. Skulane driftar ordninga



Vaksdal kommune

- sjølv og får tilført dei ekstra ressursane dette vil koste.
3. Gratis skulemåltid vert innført på 8. - 10. årssteg, 3 dagar i veka. AO-senteret driftar ordninga på Dale skule, medan Eksingedalen oppvekststun driftar ordningar sjølv. Skulane får tilført dei ekstra ressursane dette vil koste.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.11.2022

FPØ - sak 105/2022 Vedtak/Tilråding:

Gratis skulemåltid vert innført på 8. - 10. årssteg, 3 dagar i veka. AO-senteret driftar ordninga på Dale skule, medan Eksingedalen oppvekststun driftar ordningar sjølv. Skulane får tilført dei ekstra ressursane dette vil koste.

Levekårsutvalet 06.12.2022

Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - sak 23/2022 Vedtak/Tilråding:

Gratis skulemåltid vert innført på 8. - 10. årssteg, 3 dagar i veka. AO-senteret driftar ordninga på Dale skule, medan Eksingedalen oppvekststun driftar ordningar sjølv. Skulane får tilført dei ekstra ressursane dette vil koste.

24/2022: Orientering om bemanning i barnehagane i Vaksdal

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 29.11.2022

FPØ - sak 102/2022 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering

Levekårsutvalet 06.12.2022

Behandling:

Samrøystes vedteke.



LEV - sak 24/2022 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering

25/2022: BUDSJETT 2023 OG ØKONOMIPLAN 2023-2026 - VAKSDAL KOMMUNE

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 22.11.2022

FPØ - sak 87/2022 Vedtak/Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele nettoramma innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendingar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.
3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skriva ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2023. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2023 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 3,2 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0,-. Reduksjonsfaktor på 30 % er tatt inn. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmenntilgjengelig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2023 forfell til betaling i 4 terminar saman med kommunale avgifter, med unntak av private hushaldningar som kan velje fleksible betalingsterminar.
4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 95.550.000,- i 2023. Kommunedirektør får fullmakt til låneopptak i Husbanken av kr 6.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån i 2023. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2023. Kommunedirektøren har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne mogeleg refinansiering av låna og lånevilkåra.
5. Kommunedirektør får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekne framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.
6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – Betalingssatsar 2023» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2023, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.
7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2023 og vert å kunngjere lokalt.
8. Feie- og tilsynsgebyr for 2023 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, §



28.

9. Vass- og avlaupsgebyr for 2023 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.

10. Slamtømmegebyr for 2023 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.

11. Fastsetjing av eigenandeler for 2023 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

12. Det kommunale skatteøyret vert vedteke i tråd med nivå i statsbudsjettet kvart år.

13. Overføring til Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd for 2023 vert sett til 4.000.000,-, utanom bevilgningar i investeringsbudsjettet.

Budsjett 2023 - Fellesforslag SP, SV og Høgre

I SP, SV og Høgre sitt endringsforslag til kommunedirektøren sitt budsjettforslag for 2023 held partia fram med dei satsingane som tidlegare år har vore prioritert. Born og unge står i sentrum og vert prioritert og det skal framleis satsast på nærings- og arealpolitikk for å utvikla kommunen vidare. Det skal i tillegg prioriterast å byggja vidare gode tenester for innbyggjarane våre, og på å gje dei tilsette rom til å utvikla tilbodet.

Vaksdal kommune er heldige som har gode inntekter frå kraft, og det skal koma innbyggjarane til gode. Det er denne kraftinntekta som har gitt oss høve til å gjera store investeringar i nybygg, og som gjer at kommunen er rigga økonomisk til omstilling. For 2023 er kraftinntektene ekstraordinært høg, og det gjev oss ein moglegheit til å ta nokre ekstra tak og investera i framtida.

I 2023 vert born og unge prioritert. Det forventta nedtrekket innan oppvekst vert redusert, kulturmidlane vert auka, eit inkluderingsfond for born og unge vert oppretta og det skal satsast vidare på sommarjobbar for ungdom i kommunen. Det vert lagt inn midlar til å tilby næringsrik mat til ungdomskuleelevene i Vaksdal, eit tiltak som samtidig styrkar AO-senteret. Det skal startast eit forprosjekt av ny barnehage på Dale, samt eit forprosjekt av oppveksttun på Stanghelle i samband med K5-utbygginga.

Det er også funne rom til å oppretthalde 1,4 stilling innan helse. Dette vert å sjå som ein auke i grunnbemanninga i eininga.

I 2023 vert det prioritert å auka satsinga på næringsutvikling, i tråd med næringsplanen kommunestyret vedtok i mai 2022. Arbeidet i Vaksdal Næringssselskap vert styrka med ei ekstraløyving på kr. 500 000,-.

5 millionar kroner skal overførast til Næringsfondet, og det skal opprettast eit nytt breibandsfond på 6 millionar. Eigedomsskatten på næringsseigedom utanfor kraftproduserande sektor blir redusert, og det vert sett av midlar til å investera i næringsareal.

Del 1: Driftsbudsjett

Tiltak- drift

Varig tiltak Eingongstiltak

Oppvekst og kultur

Redusert nedtrekk 1 900 000 Note 1



Vaksdal kommune

Kulturmidler for born og unge 90 000 130 000 Note 2

Folketalsvekst 350 000 Note 3

Ung SoMe 150 000 Note 4

Skulemat på ungdomskulen 650 000 Note 5

Helse og meistring

Redusert nedtrekk 1 000 000 Note 6

Ung i helse 210 000 Note 7

Omsorgstønad 160 000 Note 8

Andre tiltak

Auke til Vaksdal Næringssselskap 500 000 Note 9

Styrking av næringsfond 5 000 000 Note 10

Breibandsfond 6 000 000 Note 11

ENØK-fond 3 000 000 Note 12

Vaskerobot 120 000 Note 13

Sum tiltak drift 3 010 000 16 250 000

Note 1: Redusert nedtrekk skule

Det er ynskjeleg å fortsetta den utviklinga som er gjort i skulane. Ved å redusera nedtrekket vert det sikra nok ressursar til oppfølging av elevar, og gje skulane moglegheit til å vidareutvikla tolærar-systemet.

Note 2: Kulturmidlar til born og unge

I budsjettvedtaket for 2022 oppretta ein kulturmidlar til born og unge. Desse midlane kan brukast til tiltak som kjem born og unge til gode, til dømes til ekstra aktivitet/utgifter til positive tiltak i skulane, barnehagane og i Kulturskulen. Aktivitetsdag for elevar på mellomtrinnet vert vidareført.

I 2023 vert desse midlane auka, og dei skal i tillegg til allerede nevnte tiltak nyttast til etterspurt utbetring av Dalebadet. Det gjeld skjerming av vindauger, som høgaste prioritet, utstyr som til dømes rutsjebane og diverse utstyr til garderobane.

Posisjonspartia ynskjer også å oppretta eit inkluderingsfond på kroner 40 000, som skal dekkja kostnader for påmeldingsavgift, treningsavgifter og utstyr som er naudsynt for å delta i idrett-, kultur-, og andre fritidstilbod. Målet med dette fondet er å sikra at alle born og unge har moglegheit til å delta på ein fritidsaktivitet. Det vert sett eit tak på kr. 2000 per born slik at mange kan få nytte av tilbodet.

Det skal utarbeidast retningslinjer og god informasjon for fondet. Ordninga er gjennomført i andre kommunar og det kan vere nyttig å sjå på retningslinjene dei har utarbeida, til dømes Voss Herad.

Note 3: Folketalsvekst

Å stabilisera og auka folketalet i Vaksdal er eit viktig og avgjerande arbeid kommunen står i. Det vert sett av midlar til tiltak som skal fremja tilflytting. Nyfødtinga vert vidareført.



Note 4: Ung i SoMe

I februar 2022 lanserte Vaksdal kommune nettsida mittvaksdal.no og instagramprofilen mittvaksdal, samt tok i bruk emneknaggen #mittvaksdal. Her finn både innbyggjarar og potensielle tilflyttarar relevant informasjon om bustad, arbeid og fritid i Vaksdal kommune. For å gjera nettsida, emneknaggen og instagramprofilen kjend skal Vaksdal kommune i 2023 engasjera ungdom gjennom Ung i SoMe til å arbeida på oppdrag for kommunen. Komite for folketalsvekst får i oppgåve å utarbeida avtalar for ungdom. Innlegga som vert produsert kan delast i kommunen sine kanalar, og i ungdommane sine kanalar. Komite for folketalsvekst orienterer kommunestyret om Ung i SoMe seinast i kommunestyremøtet i mai.

Note 5: Skulemat på ungdomsskulen

Kommunestyret ber om at det vert innført gratis skulemat tre dagar i veka (114) dagar i skuleåret så raskt som mogleg i 2023. Tiltaket er lagt inn med heilårsverknad frå og med 01.01.2023. Kommunestyret ber om at AO senteret vert leverandør av tenesta med bakgrunn i tilbod som vart presentert 01.11.2022. Det vert lagt opp til ei eiga løysing for Eksingedalen Oppveksttun.

Tiltaket vert evaluert etter at det har vore i drift eit heilt skuleår 23/24 våren 2024.

Note 6: Redusert nedtrekk

Stilling som er foreslått redusert ved ressurscenteret på Vaksdal vert beholden innan helse og omsorg, auke i grunnbemanning.

Note 7: Ung i Helse

Det skal satsast vidare på Ung i Helse, og tiltaket vert no varig. Det blei gjennomført første gong sommaren 2022, og fekk gode tilbakemeldingar frå både brukarane, dei tilsette og ungdommane. Difor vert summen dobla i 2023, slik at endå fleire ungdomar kan få moglegheit til å få sommarjobb.

Intensjonen er å gje lokal ungdom sommarjobb samstundes som ein kan skapa meir aktivitet for dei eldre om sommaren. I tillegg kan det og sjåast på som eit rekrutteringstiltak for framtida.

Note 8: Omsorgstønad

Sats for omsorgstønad vert auka i 2023 med 160 000 kr, eller omlag 40 kr. pr time. I 2023 skal nye retningslinjer for omsorgstønad handsamast i utval for Levekår. Timesats for omsorgstønad skal regulerast etter årleg lønsoppgjær frå og med 2023.

Note 9: Vaksdal Næringssselskap

I svært mange år har den årlege løyvinga til VNS vore på 1.000.000 kroner. Dette beløpet har ikkje blitt justert, og nye vedtekter, snart ny styresamansetting og ny giv, bør gje grobotn for nye tiltak som vil kreva midlar. Det vert sett av 500.000 kroner frå næringsfondet for å styrka arbeidet selskapet skal gjera framover.

Note 10: Næringsfond



Vaksdal kommune

I 2022 vart næringsfondet slått saman med Landbruksfondet og gjort søkbart. I eit år med ekstra høg inntekt frå konsesjonskraft er det rett å styrke næringsfondet, og med det styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i kommunen.

Note 11: Breibandsfond

Om me skal nå måla om tenleg breiband til heile kommunen i 2025, må breibandsplanen følgast opp med midlar. Estimert behov er 2 millionar i året dei neste tre åra, og derfor oppretter me eit breibandfond som skal dekke inn dette behovet. Me ser på full breibandsdekning i heile kommunen som svært viktig om me skal oppnå vekst i folketalet.

Note 12: Lokalt ENØK-fond

Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide retningslinjer slik at innbyggjarar i Vaksdal kommune kan søke om støtte til energisparande tiltak i primærbustad.

Støtta skal vere bagatellmessig og grense oppad til kr. 20 000 kroner pr. husstand. Tiltak som kan gje støtte er:

- Luft til luft varmepumpe
- Solcellepanel
- Skifte av vindauger/dør
- Etterisolering

Ordninga skal i første omgang gjelde eit år fom. 01.01.2023 Støtta vert utbetalt etterskotsvis mot kvittering. Ordninga kjem som eit tillegg til eventuelle statlege ordningar.

Note 13: Vaskerobot

Kommunen må modernisera seg på alle områder, også innan reinhald. Kapasiteta på området er knapp, men ein kan nytta teknologi for å lette arbeidsmengda. For å frigje kapasitet til vask andre stader, ynskjer ein å gjennomføra eit prøveprosjekt med vaskerobot på ein eigna plass i kommunen. Det kan til dømes vera Turbinen eller annan høveleg stad. Det vert sett av pengar til å leiga ein vaskerobot i 2023, slik at ein får prøvd ut korleis dette fungerer.

Del 2: Investeringar

Tiltak - investeringar 2023 2024

Opparbeiding av næringsareal 10 000 000 Note 14

ENØK-tiltak kommunale bygg 1 000 000 Note 15

Prosjekt ny barnehage og nye omsorgsbustader på Dale 350 000 15 000 000 Note 16

Prosjekt oppveksttun på Stanghelle 350 000 Note 17

Trafikksikker kommune - vegljøs skuleveg 1 000 000 Note 18

Sum tiltak investeringar 12 700 000 15 000 000

Note 14: Opparbeiding av næringsareal

Det skal setjast av 10.000.000 kroner til opparbeiding av næringsareal i Vaksdal. Arealet skal bli



planert, og infrastruktur skal vera klart med VVA til tomtegrensa. Arealet skal klargjerast for sal til næringsdrivande og marknadsførast.

Arealet skal leggjast ut for sal med mål om å dekkja inn investeringskostnadene, samstundes skal det takast omsyn til kostnader for tilsvarande tomter i nærliggjande kommunar samt andre kommunar langs E16, som er naturleg å samanlikna med.

Målet er å få flest mogleg kvadratmeter opparbeida næringsareal for investert beløp, men prioriterte område er: 1. Dalegarden, 2. Norddalen, 3. Kommunal eigd tomt ved sidan av ny brannstasjon på Vaksdal. 4. Stanghelle Kai.

Note 15: ENØK-tiltak kommunale bygg

Vaksdal kommune må redusera straumforbruket, og må sjå på tiltak som solceller og andre ENØK-tiltak. Det vert sett av pengar i budsjettet for 2023 til å utgreia kva potensiale kommunen har innanfor ENØK-tiltak i kommunale bygg. Resterande beløp skal nyttast til å starta på tiltak som vert peika på i utgreiinga.

Note 16: Moglegheitsstudie/forprosjekt ny Dale Barnehage/ Elvavegen

Dale Barnehage har sårt behov for oppgradering, og det same har omsorgsbustadane i Elvavegen. I ei studie skal dei to behova sjåast i samanheng, og det skal gjennomførast eit forprosjekt for eit kombinasjonsbygg som inkluderer både barnehage og omsorgsbustadar.

Målet med prosjektet er å få til ei betre løysing for barnehageborna på Dale. Samtidig ynskjer ein å få vurdert moglegheita for betre og meir tilpassa bustader for bebuarar i Elvavegen.

Prinsipp for forstudia:

- Eit nytt bygg vert utgreia for bygging på Dale, fortrinnsvis på branntomta ved Messehagen, men ein kan og sjå på andre ledige areal.
- Det skal leggst opp til eit energieffektivt bygg, og ein skal sjå på moglegheita for å byggja i miljøvenleg materiale.

Kommunestyret ber om at det vert utarbeida eit mandat for forprosjektet, som skal leggjast fram til handsaming i Formannskapet i fyrste kvartal 2023. Det vert sett av 350 000 kroner til forprosjektet.

Det vert i tillegg sett av 15 000 000 i økonomiplanperioden som delfinansiering av prosjektet. Eventuell resterande finansiering vert handsama når forprosjektet er ferdig.

Note 17: Forprosjekt oppveksttun på Stanghelle

Dagens barnehage på Stanghelle vil bli stengt i byggeperiode for K5, og vil mista mykje av utearealet etter endt bygging. Samtidig har Stanghelle skule behov for oppgradering. For å nytta arealet ved Stanghelle skule best mogleg, og for å sikra god drift, så må ein sjå dette i samanheng. Kommunestyret ber om at det vert utarbeida mandat for forprosjekt "Oppveksttun Stanghelle" og at dette kan handsamast i Formannskapet i fyrste kvartal 2023. Det vert sett av 350 000 kroner til forprosjektet.

Note 18: Trafikksikker kommune - vegljøs skuleveg



Det vert sett av 1 million kroner til vegljøs på kommunal skuleveg på Straume og Stamnes. Kommunestyret ber om at prosessen vert starta og eventuell meirkostnad vert lagt fram for kommunestyret.

Del 2: Saldering og omdisponering

2023 2024

Bruk av disposisjonsfond 31 660 000 15 000 000 Note 19

Gevinst frå aktiva 1 000 000 Note 20

Mindreinntekt eigedomsskatt på næring -700 000 Note 21

Sum auka ramme 31 960 000 15 000 000

Sum disponert til drift 19 260 000

Sum disponert til investeringar 12 700 000 15 000 000

Note 19: Bruk av disposisjonsfond

Med ekstra store inntekter i 2022 vert det prioritert å omdisponere delar av midlane i framtidsretta tiltak både i 2023 og seinare i økonomiplanperioda.

Note 20: Gevinst frå aktiva

Gjennomsnittlig inntekt frå aktiva har sidan 2018 vore på over 3 millionar kroner, og sjølv med eit venta negativt resultat frå 2022 vil inntekta gjennomsnittleg vera over 2 millionar. Det vert derfor budsjettert med 1 million kroner i inntekt frå aktiva, eit forsiktig anslag målt opp mot historisk inntekt og kva ein burde forventa av gevinst frå eit slikt fond. At fondet også blir større i 2022 burde tilseie at dette er et realistisk anslag.

Note 21: Reduksjon i eigedomsskatt for næring

Per 2022 er eigedomsskatten på næringseigedom i Vaksdal 7 promille, noko som er høgaste moglege nivå på landsbasis. Når ein samanliknar med andre relevante kommunar i distriktet og langs E16 er Vaksdal ein kommune som er kostbar å etablera seg i for næringsdrivande. Skattesatsen vert derfor redusert til 6 promille.

Mål med tiltaket er å gjere det meir attraktivt å etablera seg som næringsaktør i Vaksdal. Skattenivået skal reduserast for å visa at Vaksdal ynskjer å letta skattebyrda for eksisterande bedrifter, samt at kommunen vert meir attraktiv for nyetablerarar. Dette tiltaket gjeld ikkje kraftanlegg omfatta av særkattereglane i petroleum, som vil ha same skattenivå som tidlegare.

Del 4: Verbalforslag

a. Tilsette

Kommunestyret ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved forslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring. Vaksdal kommune har som målsetting at ingen skal seiast opp som følgje av omstillingsprosessar. Eventuell nedbemanning skal først løysast



gjennom frivillige avtalar, omplassering til anna arbeid i kommunen eller omskulering – vidareutdanning.

b. Prioriteringar i helse

Kommunestyret ber om at investeringar i velferdsteknologi som fører til redusert belastning på tilsette og auka tryggleik for brukarar vert å prioritera innafor budsjettet i 2023.

Fokus i Helse og meistring i 2023 skal i tillegg vera å få redusert kostnadar knytt til bruk av vikarbyrå.

c. Friplassar i kulturskulen

Kommunestyret ber om at det vert tilbydd fem gratis plassar i kulturskulen.

Tiltaket vert gjennomført så langt det er ledig kapasitet, og ved eventuelle ekstrakostnadar skal administrasjonen koma tilbake med ei sak i første tertial.

d. Marknadsføring sommarjobb bedrifter

Kommunestyret ber om at Somarjobb i bedrifter-tiltaket vert marknadsført i kommunen sine sosiale kanalar samt i lokalaviser.

“Sommarjobb i bedrifter” er eit permanent tiltak i Vaksdal og fortset i 2023. Tiltaket er primært meint for ungdom mellom 16 og 18 år. I 2022 vart det sagt at det berre var ein søkjar, men det verka som det var lite opplyst om ordninga. I 2023 må det difor informerast betre, t.d. gjennom kommunen sine nettsider og sosiale kanalar, Vaksdal Næringsråd bør kontaktast og avisannonser skal vurderast. Målet er at det avsette beløpet vert brukt fullt ut.

e. Heimetenesta – tilpassa oppmøtestad

Vaksdal kommune er langstrakt. Fleire av våre tilsette i heimetenesta køyrer langt i jobb, og mange køyrer også langt til oppmøtestad. Teknologiske hjelpemiddel gjer at me ikkje treng møtast kvar dag for å kunne utføre arbeidet vårt.

Kommunestyret ber om at det i 2023 vert lagt til rette for tilpassa oppmøtestad for tilsette. Korleis dette vert løyst skal rapporterast saman med Tertialrapport 1.

f. Rullerande opptak barnehage

Kommunestyret ber administrasjonen innan 1. mars kome med sak om rullerande (fortløpande) eller fleire opptak i barnehagane. Saka skal innehalde konsekvensar for økonomi og personal. Målet er å kunne tilby barnehageplassar heile året og ta godt imot flyktningar som treng barnehageplass.

g. Kommunale bustader

Kommunestyret ber administrasjonen innan juni 2023 kome med oppfølging av følgjande punkt i sak 70/20:

“Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om trong for kommunale bustader i 2021. (2023) Ei slik sak må ta omsyn til geografisk spreining, type bustader og status for kommunale bustader i dag” I tillegg ber kommunestyret om at saka og inneheld eventuelt sal av kommunale bustader, omdisponering og moglegheiter for leige til eige i vår kommune.

h. Trafikksikker kommune

Kommunestyret ber om at det vert utarbeida ei prioritert liste over behov for vegljøs på kommunale vegar. Denne skal innehalde oversikt over særleg farlege punkt, samt omsyn til skuleveg. Her bør det



takast omsyn til innspel frå Barnetråkk-innspele gjennomført ved skulane i kommunen, samt tidlegare innmeldte behov.

i. Vikavegen nedre del

Kommunestyret ber om at det snarast vert gjort ei vurdering av vegfundamentet i nedre del av Vikavegen. Det kjem fleire meldingar om bekymring i høve utgliding av vegen. Då det ikkje er omkøyringsmogelegheiter hastar det å få kartlagt tilhøva her og eventuelt sett i gong tiltak.

j. Digitalisering, innovasjon og samfunn

Kommunestyret ber administrasjonen om å gå gjennom stillingar innanfor reinhald og teknisk drift for å vurdere om me har dei ressursane me treng framover. Rammene har endra seg dei siste åra med nye bygg og tenester. Kommunestyret ber om ei sak tidleg i 2023 der ein vurderer -om oppgåvene er i samsvar med ressursane -vil det vera tenleg å auke tal stillingar og utføre fleire oppgåver i eigen regi? Kommunestyret ventar sak til behandling før ein vurderer kutt i stillingar som omtalt i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett.

k. Serviceline i Vaksdal kommune.

Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide ei sak i 2023 om oppretting av serviceline i kommunen etter modell av servicelina i Bergen og/eller rosa buss i Oslo. Saka skal og sjå på om det er mogleg innanfor rutepakka i Vaksdal kommune og opprette serviceline saman med kollektivselskapet.

l. Løypemelding

Kommunestyret ber om at budsjettvedtaka vert rapportert på i kommunestyremøte i juni.

Tilleggsframlegg frå Boris Groth (FRP) på vegner av FRP:

Budsjettendring for kommunebudsjett 2023:

Brannvern – styrking av kompetanse for å innfri lovkrav Kr 1000000,-

Det skal rapporterast tilbake til politisk nivå innan budsjettprosess 2024 om kommunen er/blir ajour med kompetansekrava innan utgangen av 2024.

Inndekning: Bruk av disposisjonsfond Kr 1000000,-

Administrasjonsutvalet 29.11.2022

Behandling:

Amalie Johnsen Lund (H) presenterer endringsforslag frå SP, SV og Høgre.



Vaksdal kommune

Thor Andersen (AP) presenterer endringsforslag frå AP.

Boris Groth (FRP) presenterer tilleggsforslag frå FRP.

Lillian Seim (Arbeidstakarrepresentant) presenterer tilleggsforslag frå fagforbundet.

Nina Johnsen (Arbeidstakarrepresentant) presenterer ein uttale ho har fått av fagleiar på reinhald.

Røysting:

Administrasjonsutvalet tok budsjettet til orientering.

Forslag frå fagforbund: 6 stemmer for (AP, SP, arbeidstakarrepresentantar), 4 stemmer mot (SV, H, FRP) og vart vedteke.

ADM - sak 21/2022 Vedtak/Tilråding:

Tilleggsforslag frå Lillian Seim på vegner av Fagforbundet:

Fagforbundet ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved føreslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring.

Vaksdal kommune skal ikkje nytta seg av Arbeidsmiljøloven si opning for midlertidige tilsetjingar, men tilsetje i faste stillingar.

Arbeidet med heile faste stillingar skal intensiveres.

Ingen arbeidstakara skal bli sagt opp eller få reduserte stillingar som fylgje av omstillingar/nedbemanning i 2023.

Levekårsutvalet 06.12.2022

Behandling:

Formannskapet sin innstilling fekk 4 stemmer (H, SP, SV) mot 2 stemmer (AP) og vart vedteke.

LEV - sak 25/2022 Vedtak/Tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner årsbudsjett 2023 og økonomiplan 2023-2026 for Vaksdal kommune slik det ligg føre med spesifikasjon av drifts- og investeringsbudsjett. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele nettoramma innafor tenesteområda, og kan gjere budsjettendringar innafor områda som ein del av den løpande drifta som ikkje er av prinsipiell karakter.

2. Skatt på inntekt og formue vert skriven ut etter dei til kvar tid gjeldande reglar.

3. I medhald av eigedomsskattelova § 2 og §3a vert det skriva ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen i 2023. Alminneleg eigedomsskattesats vert sett til 7 promille i 2023 med unntak av eigedomsskatt for bustad- og fritidseigedomar som vert sett til 3,2 promille. Botnfrådrag for bustaddelen på eigedomar vert sett til kr 0,-. Reduksjonsfaktor på 30 % er tatt inn. For kraftanlegg vert § 8B i eigedomsskattelova lagt til grunn. For eigedom eigd av stiftingar og institusjonar med allmenntilgjengelig formål, som er ført opp på eigedomsskattekontoret si liste av 26.02.2010, vert det i medhald av § 7a gjeve fritak for eigedomsskatt. Fritak vert gjeve i 10 år for nye bygningar som heilt eller delvis vert nytta til husvære jf §7c. Eigedomsskatten for 2023 forfell til betaling i 4 terminar



saman med kommunale avgifter, med unntak av private hushaldningar som kan velje fleksible betalingsterminar.

4. Kommunestyret godkjenner ei investeringsramme på kr 95.550.000,- i 2023. Kommunedirektør får fullmakt til låneoptak i Husbanken av kr 6.000.000,- til vidare utlån av formidlingslån i 2023. Alle lån i kommunen sin låneportefølje kan refinansierast i budsjettåret 2023. Kommunedirektøren har i samsvar med finansreglementet fullmakt til å godkjenne moglege refinansiering av låna og lånevilkåra.

5. Kommunedirektør får fullmakt til å redigere, rette feil og innarbeide kommunestyret sine vedtekte framlegg. Ajourført budsjettdokument vert lagt fram for Formannskapet.

6. Gebyr og betalingssatsar etter «Vedlegg – Betalingssatsar 2023» vert godkjent. Nye betalingssatsar og avgifter vert gjort gjeldande frå 01.01.2023, med mindre lov eller forskrift set andre fristar.

7. Lokal forskrift om gebyr for sakshandsaming vert vedtatt med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, matrikelova § 32, eigarseksjonslova §§ 7, 14 og 15, ureiningslova § 52a, hamne og farvasslova §§ 6 og 25 samt forvaltningslova § 27a jf forskrift om gebyr for handsaming av konsesjonssaker. Forskrifta ligg som vedlegg til Årsbudsjett 2023 og vert å kunngjere lokalt.

8. Feie- og tilsynsgebyr for 2023 vert fastsett med heimel i lov av 14.juni 2002 nr. 20 om Brannvern, § 28.

9. Vass- og avlaupsgebyr for 2023 vert fastsett med heimel i Lov om kommunale vass- og avlaupsanlegg (§3), Forskrift om begrensning av forureining (§16) og Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune.

10. Slamtømmegebyr for 2023 vert vedteke i medhald av Forureiningslova §26.

11. Fastsetjing av eigenandeler for 2023 for kommunale helse og omsorgstenester i og utanfor institusjon vert fastsett i samsvar med Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjera unntak frå satsane når særlege tilhøve gjer seg gjeldande.

12. Det kommunale skatteøyret vert vedteke i tråd med nivå i statsbudsjettet kvart år.

13. Overføring til Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd for 2023 vert sett til 4.000.000,-, utanom bevilgningar i investeringsbudsjettet.

Budsjett 2023 - Fellesforslag SP, SV og Høgre

I SP, SV og Høgre sitt endringsforslag til kommunedirektøren sitt budsjettforslag for 2023 held partia fram med dei satsingane som tidlegare år har vore prioritert. Born og unge står i sentrum og vert prioritert og det skal framleis satsast på nærings- og arealpolitikk for å utvikla kommunen vidare. Det skal i tillegg prioriterast å byggja vidare gode tenester for innbyggjarane våre, og på å gje dei tilsette rom til å utvikla tilbodet.

Vaksdal kommune er heldige som har gode inntekter frå kraft, og det skal koma innbyggjarane til gode. Det er denne kraftinntekta som har gitt oss høve til å gjera store investeringar i nybygg, og som gjer at kommunen er rigga økonomisk til omstilling. For 2023 er kraftinntektene ekstraordinært høg, og det gjev oss ein moglegheit til å ta nokre ekstra tak og investera i framtida.

I 2023 vert born og unge prioritert. Det forventta nedtrekket innan oppvekst vert redusert, kulturmidlane vert auka, eit inkluderingsfond for born og unge vert oppretta og det skal satsast vidare på sommarjobbar for ungdom i kommunen. Det vert lagt inn midlar til å tilby næringsrik mat til ungdomskulelevane i Vaksdal, eit tiltak som samtidig styrkar AO-senteret. Det skal startast eit forprosjekt av ny barnehage på Dale, samt eit forprosjekt av oppveksttun på Stanghelle i samband med K5-utbygginga.

Det er også funne rom til å oppretthalde 1,4 stilling innan helse. Dette vert å sjå som ein auke i



grunnbemanninga i eininga.

I 2023 vert det prioritert å auka satsinga på næringsutvikling, i tråd med næringsplanen kommunestyret vedtok i mai 2022. Arbeidet i Vaksdal Næringssselskap vert styrka med ei ekstraløyving på kr. 500 000,-.

5 millionar kroner skal overførast til Næringsfondet, og det skal opprettast eit nytt breibandsfond på 6 millionar. Eigedomsskatten på næringsseigedom utanfor kraftproduserande sektor blir redusert, og det vert sett av midlar til å investera i næringsareal.

Del 1: Driftsbudsjett

Tiltak- drift

Varig tiltak Eingongstiltak

Oppvekst og kultur

Redusert nedtrekk 1 900 000 Note 1

Kulturmidler for born og unge 90 000 130 000 Note 2

Folketalsvekst 350 000 Note 3

Ung SoMe 150 000 Note 4

Skulemat på ungdomskulen 650 000 Note 5

Helse og meistring

Redusert nedtrekk 1 000 000 Note 6

Ung i helse 210 000 Note 7

Omsorgsstønad 160 000 Note 8

Andre tiltak

Auke til Vaksdal Næringssselskap 500 000 Note 9

Styrking av næringsfond 5 000 000 Note 10

Breibandsfond 6 000 000 Note 11

ENØK-fond 3 000 000 Note 12

Vaskerobot 120 000 Note 13

Sum tiltak drift 3 010 000 16 250 000

Note 1: Redusert nedtrekk skule

Det er ynskjeleg å fortsetta den utviklinga som er gjort i skulane. Ved å redusera nedtrekket vert det sikra nok ressursar til oppfølging av elevar, og gje skulane moglegheit til å vidareutvikla tolærarsystemet.

Note 2: Kulturmidlar til born og unge

I budsjettvedtaket for 2022 oppretta ein kulturmidlar til born og unge. Desse midlane kan brukast til tiltak som kjem born og unge til gode, til dømes til ekstra aktivitet/utgifter til positive tiltak i skulane, barnehagane og i Kulturskulen. Aktivitetsdag for elevar på mellomtrinnet vert vidareført.

I 2023 vert desse midlane auka, og dei skal i tillegg til allerede nevnte tiltak nyttast til etterspurt utbetring av Dalebadet. Det gjeld skjerming av vindauger, som høgaste prioritet, utstyr som til dømes rutsjebane og diverse utstyr til garderobane.



Posisjonspartia ynskjer også å oppretta eit inkluderingsfond på kroner 40 000, som skal dekke kostnader for påmeldingsavgift, treningsavgifter og utstyr som er naudsynt for å delta i idrett-, kultur-, og andre fritidstilbod. Målet med dette fondet er å sikra at alle born og unge har moglegheit til å delta på ein fritidsaktivitet. Det vert sett eit tak på kr. 2000 per born slik at mange kan få nytte av tilbodet.

Det skal utarbeidast retningslinjer og god informasjon for fondet. Ordninga er gjennomført i andre kommunar og det kan vere nyttig å sjå på retningslinjene dei har utarbeida, til dømes Voss Herad.

Note 3: Folketalsvekst

Å stabilisera og auka folketalet i Vaksdal er eit viktig og avgjerande arbeid kommunen står i. Det vert sett av midlar til tiltak som skal fremja tilflytting. Nyfødtingåva vert vidareført.

Note 4: Ung i SoMe

I februar 2022 lanserte Vaksdal kommune nettsida mittvaksdal.no og instagramprofilen mittvaksdal, samt tok i bruk emneknaggen #mittvaksdal. Her finn både innbyggjarar og potensielle tilflyttarar relevant informasjon om bustad, arbeid og fritid i Vaksdal kommune. For å gjera nettsida, emneknaggen og instagramprofilen kjend skal Vaksdal kommune i 2023 engasjera ungdom gjennom Ung i SoMe til å arbeida på oppdrag for kommunen. Komite for folketalsvekst får i oppgåve å utarbeida avtalar for ungdom. Innlegga som vert produsert kan delast i kommunen sine kanalar, og i ungdommane sine kanalar. Komite for folketalsvekst orienterer kommunestyret om Ung i SoMe seinast i kommunestyremøtet i mai.

Note 5: Skulemat på ungdomsskulen

Kommunestyret ber om at det vert innført gratis skulemat tre dagar i veka (114) dagar i skuleåret så raskt som mogleg i 2023. Tiltaket er lagt inn med heilårsverknad frå og med 01.01.2023. Kommunestyret ber om at AO senteret vert leverandør av tenesta med bakgrunn i tilbod som vart presentert 01.11.2022. Det vert lagt opp til ei eiga løysing for Eksingedalen Oppvekststun.

Tiltaket vert evaluert etter at det har vore i drift eit heilt skuleår 23/24 våren 2024.

Note 6: Redusert nedtrekk

Stilling som er foreslått redusert ved ressursenteret på Vaksdal vert beholden innan helse og omsorg, auke i grunnbemanning.

Note 7: Ung i Helse

Det skal satsast vidare på Ung i Helse, og tiltaket vert no varig. Det blei gjennomført første gong sommaren 2022, og fekk gode tilbakemeldingar frå både brukarane, dei tilsette og ungdommane. Difor vert summen dobla i 2023, slik at endå fleire ungdomar kan få moglegheit til å få sommarjobb.

Intensjonen er å gje lokal ungdom sommarjobb samstundes som ein kan skapa meir aktivitet for dei eldre om sommaren. I tillegg kan det og sjåast på som eit rekrutteringstiltak for framtida.



Note 8: Omsorgstønad

Sats for omsorgstønad vert auka i 2023 med 160 000 kr, eller omlag 40 kr. pr time. I 2023 skal nye retningslinjer for omsorgstønad handsamast i utval for Levekår. Timesats for omsorgstønad skal regulerast etter årleg lønsoppgjør frå og med 2023.

Note 9: Vaksdal Næringssselskap

I svært mange år har den årlege løyvinga til VNS vore på 1.000.000 kroner. Dette beløpet har ikkje blitt justert, og nye vedtekter, snart ny styresamansetting og ny giv, bør gje grobotn for nye tiltak som vil krevja midlar. Det vert sett av 500.000 kroner frå næringsfondet for å styrka arbeidet selskapet skal gjera framover.

Note 10: Næringsfond

I 2022 vart næringsfondet slått saman med Landbruksfondet og gjort søkbart. I eit år med ekstra høg inntekt frå konsesjonskraft er det rett å styrke næringsfondet, og med det styrke nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i kommunen.

Note 11: Breibandsfond

Om me skal nå måla om tenleg breiband til heile kommunen i 2025, må breibandsplanen følgast opp med midlar. Estimert behov er 2 millionar i året dei neste tre åra, og derfor oppretter me eit breibandfond som skal dekke inn dette behovet. Me ser på full breibandsdekning i heile kommunen som svært viktig om me skal oppnå vekst i folketalet.

Note 12: Lokalt ENØK-fond

Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide retningslinjer slik at innbyggjarar i Vaksdal kommune kan søke om støtte til energisparande tiltak i primærbustad.

Støtta skal vere bagatellmessig og grense oppad til kr. 20 000 kroner pr. husstand. Tiltak som kan gje støtte er:

- Luft til luft varmepumpe
- Solcellepanel
- Skifte av vindauger/dør
- Etterisolering

Ordninga skal i første omgang gjelde eit år fom. 01.01.2023 Støtta vert utbetalt etterskotsvis mot kvittering. Ordninga kjem som eit tillegg til eventuelle statlege ordningar.

Note 13: Vaskerobot

Kommunen må modernisera seg på alle områder, også innan reinhald. Kapasiteta på området er knapp, men ein kan nytta teknologi for å lette arbeidsmengda. For å frigje kapasitet til vask andre stader, ynskjer ein å gjennomføra eit prøveprosjekt med vaskerobot på ein eigna plass i kommunen.

Det kan til dømes vera Turbinen eller annan høveleg stad. Det vert sett av pengar til å leiga ein vaskerobot i 2023, slik at ein får prøvd ut korleis dette fungerer.



Del 2: Investeringar

Tiltak - investeringar 2023 2024

Opparbeiding av næringsareal 10 000 000 Note 14

ENØK-tiltak kommunale bygg 1 000 000 Note 15

Prosjekt ny barnehage og nye omsorgsbustader på Dale 350 000 15 000 000 Note 16

Prosjekt oppvekststun på Stanghelle 350 000 Note 17

Trafikksikker kommune - vegljøs skuleveg 1 000 000 Note 18

Sum tiltak investeringar 12 700 000 15 000 000

Note 14: Opparbeiding av næringsareal

Det skal setjast av 10.000.000 kroner til opparbeiding av næringsareal i Vaksdal. Arealet skal bli planert, og infrastruktur skal vera klart med VVA til tomtegrensa.

Arealet skal klargjerast for sal til næringsdrivande og marknadsførast.

Arealet skal leggjast ut for sal med mål om å dekkja inn investeringskostnadene, samstundes skal det takast omsyn til kostnader for tilsvarande tomter i nærliggjande kommunar samt andre kommunar langs E16, som er naturleg å samanlikna med.

Målet er å få flest mogleg kvadratmeter opparbeida næringsareal for investert beløp, men prioriterte område er: 1. Dalegarden, 2. Norddalen, 3. Kommunal eigd tomt ved sidan av ny brannstasjon på Vaksdal. 4. Stanghelle Kai.

Note 15: ENØK-tiltak kommunale bygg

Vaksdal kommune må redusera straumforbruket, og må sjå på tiltak som solceller og andre ENØK-tiltak. Det vert sett av pengar i budsjettet for 2023 til å utgreia kva potensiale kommunen har innanfor ENØK-tiltak i kommunale bygg. Resterande beløp skal nyttast til å starta på tiltak som vert peika på i utgreiinga.

Note 16: Moglegheitsstudie/forprosjekt ny Dale Barnehage/ Elvavegen

Dale Barnehage har sårt behov for oppgradering, og det same har omsorgsbustadane i Elvavegen. I ei studie skal dei to behova sjåast i samanheng, og det skal gjennomførast eit forprosjekt for eit kombinasjonsbygg som inkluderer både barnehage og omsorgsbustadar.

Målet med prosjektet er å få til ei betre løysing for barnehageborna på Dale. Samtidig ynskjer ein å få vurdert moglegheita for betre og meir tilpassa bustader for bebuarar i Elvavegen.

Prinsipp for forstudia:

- Eit nytt bygg vert utgreia for bygging på Dale, fortrinnsvis på branntomta ved Messehagen, men ein kan og sjå på andre ledige areal.
- Det skal leggast opp til eit energieffektivt bygg, og ein skal sjå på moglegheita for å byggja i miljøvenleg materiale.

Kommunestyret ber om at det vert utarbeida eit mandat for forprosjektet, som skal leggjast fram til



handsaming i Formannskapet i fyrste kvartal 2023. Det vert sett av 350 000 kroner til forprosjektet.

Det vert i tillegg sett av 15 000 000 i økonomiplanperioden som delfinansiering av prosjektet. Eventuell resterande finansiering vert handsama når forprosjektet er ferdig.

Note 17: Forprosjekt oppveksttun på Stanghelle

Dagens barnehage på Stanghelle vil bli stengt i byggeperiode for K5, og vil mista mykje av utearealet etter endt bygging. Samtidig har Stanghelle skule behov for oppgradering. For å nytta arealet ved Stanghelle skule best mogleg, og for å sikra god drift, så må ein sjå dette i samanheng. Kommunestyret ber om at det vert utarbeida mandat for forprosjekt "Oppveksttun Stanghelle" og at dette kan handsamast i Formannskapet i fyrste kvartal 2023. Det vert sett av 350 000 kroner til forprosjektet.

Note 18: Trafikksikker kommune - vegljøs skuleveg

Det vert sett av 1 million kroner til vegljøs på kommunal skuleveg på Straume og Stamnes. Kommunestyret ber om at prosessen vert starta og eventuell meirkostnad vert lagt fram for kommunestyret.

Del 2: Saldering og omdisponering

2023 2024

Bruk av disposisjonsfond 31 660 000 15 000 000 Note 19

Gevinst frå aktiva 1 000 000 Note 20

Mindreinntekt eigedomsskatt på næring -700 000 Note 21

Sum auka ramme 31 960 000 15 000 000

Sum disponert til drift 19 260 000

Sum disponert til investeringar 12 700 000 15 000 000

Note 19: Bruk av disposisjonsfond

Med ekstra store inntekter i 2022 vert det prioritert å omdisponere delar av midlane i framtidretta tiltak både i 2023 og seinare i økonomiplanperioda.

Note 20: Gevinst frå aktiva

Gjennomsnittlig inntekt frå aktiva har sidan 2018 vore på over 3 millionar kroner, og sjølv med eit venta negativt resultat frå 2022 vil inntekta gjennomsnittleg vera over 2 millionar. Det vert derfor budsjettert med 1 million kroner i inntekt frå aktiva, eit forsiktig anslag målt opp mot historisk inntekt og kva ein burde forventast av gevinst frå eit slikt fond. At fondet også blir større i 2022 burde tilseie at dette er et realistisk anslag.

Note 21: Reduksjon i eigedomsskatt for næring

Per 2022 er eigedomsskatten på næringseigedom i Vaksdal 7 promille, noko som er høgaste moglege nivå på landsbasis. Når ein samanliknar med andre relevante kommunar i distriktet og langs E16 er



Vaksdal ein kommune som er kostbar å etablera seg i for næringsdrivande. Skattesatsen vert derfor redusert til 6 promille.

Mål med tiltaket er å gjere det meir attraktivt å etablera seg som næringsaktør i Vaksdal. Skattenivået skal reduserast for å visa at Vaksdal ynskjer å letta skattebyrda for eksisterande bedrifter, samt at kommunen vert meir attraktiv for nyetablerarar. Dette tiltaket gjeld ikkje kraftanlegg omfatta av særkattereglane i petroleum, som vil ha same skattenivå som tidlegare.

Del 4: Verbalforslag

a. Tilsette

Kommunestyret ber om at arbeidstakarorganisasjonane vert involvert så tidleg som mogleg ved forslag budsjett, omorganisering eller organisasjonsendring. Vaksdal kommune har som målsetting at ingen skal seiast opp som følgje av omstillingsprosessar. Eventuell nedbemanning skal først løysast gjennom frivillige avtalar, omplassering til anna arbeid i kommunen eller omskulering – vidareutdanning.

b. Prioriteringar i helse

Kommunestyret ber om at investeringar i velferdsteknologi som fører til redusert belastning på tilsette og auka tryggleik for brukarar vert å prioritera innafor budsjettet i 2023. Fokus i Helse og meistring i 2023 skal i tillegg vera å få redusert kostnadar knytt til bruk av vikarbyrå.

c. Fri plassar i kulturskulen

Kommunestyret ber om at det vert tilbydd fem gratis plassar i kulturskulen. Tiltaket vert gjennomført så langt det er ledig kapasitet, og ved eventuelle ekstrakostnadar skal administrasjonen koma tilbake med ei sak i første tertial.

d. Marknadsføring sommarjobb bedrifter

Kommunestyret ber om at Sommarjobb i bedrifter-tiltaket vert marknadsført i kommunen sine sosiale kanalar samt i lokalaviser.

“Sommarjobb i bedrifter” er eit permanent tiltak i Vaksdal og fortset i 2023. Tiltaket er primært meint for ungdom mellom 16 og 18 år. I 2022 vart det sagt at det berre var ein søkjar, men det verka som det var lite opplyst om ordninga. I 2023 må det difor informerast betre, t.d. gjennom kommunen sine nettsider og sosiale kanalar, Vaksdal Næringsråd bør kontaktast og avisannonser skal vurderast. Målet er at det avsette beløpet vert brukt fullt ut.

e. Heimetenesta – tilpassa oppmøtestad

Vaksdal kommune er langstrakt. Fleire av våre tilsette i heimetenesta køyrer langt i jobb, og mange køyrer også langt til oppmøtestad. Teknologiske hjelpemiddel gjer at me ikkje treng møtast kvar dag for å kunne utføre arbeidet vårt.

Kommunestyret ber om at det i 2023 vert lagt til rette for tilpassa oppmøtestad for tilsette. Korleis dette vert løyst skal rapporterast saman med Tertialrapport 1.

f. Rullerande opptak barnehage

Kommunestyret ber administrasjonen innan 1. mars kome med sak om rullerande (fortløpande) eller fleire opptak i barnehagane. Saka skal innehalde konsekvensar for økonomi og personal. Målet er å



kunne tilby barnehageplassar heile året og ta godt imot flyktningar som treng barnehageplass.

g. Kommunale bustader

Kommunestyret ber administrasjonen innan juni 2023 kome med oppfølging av følgjande punkt i sak 70/20:

“Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om trong for kommunale bustader i 2021. (2023) Ei slik sak må ta omsyn til geografisk spreing, type bustader og status for kommunale bustader i dag” I tillegg ber kommunestyret om at saka og inneheld eventuelt sal av kommunale bustader, omdisponering og moglegheiter for leige til eige i vår kommune.

h. Trafikksikker kommune

Kommunestyret ber om at det vert utarbeida ei prioritert liste over behov for vegljøs på kommunale vegar. Denne skal innehalde oversikt over særleg farlege punkt, samt omsyn til skuleveg. Her bør det takast omsyn til innspel frå Barnetråkk-innspel gjennomført ved skulane i kommunen, samt tidlegare innmeldte behov.

i. Vikavegen nedre del

Kommunestyret ber om at det snarast vert gjort ei vurdering av vegfundamentet i nedre del av Vikavegen. Det kjem fleire meldingar om bekymring i høve utgliding av vegen. Då det ikkje er omkøyringsmogelegheiter hastar det å få kartlagt tilhøva her og eventuelt sett i gong tiltak.

j. Digitalisering, innovasjon og samfunn

Kommunestyret ber administrasjonen om å gå gjennom stillingar innanfor reinhald og teknisk drift for å vurdere om me har dei ressursane me treng framover. Rammene har endra seg dei siste åra med nye bygg og tenester. Kommunestyret ber om ei sak tidleg i 2023 der ein vurderer

- om oppgåvene er i samsvar med ressursane
- vil det vera tenleg å auke tal stillingar og utføre fleire oppgåver i eigen regi?

Kommunestyret ventar sak til behandling før ein vurderer kutt i stillingar som omtalt i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett.

k. Serviceline i Vaksdal kommune.

Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide ei sak i 2023 om oppretting av serviceline i kommunen etter modell av servicelina i Bergen og/eller rosa buss i Oslo. Saka skal og sjå på om det er mogleg innanfor rutepakka i Vaksdal kommune og opprette serviceline saman med kollektivselskapet.

l. Løypemelding

Kommunestyret ber om at budsjettvedtaka vert rapportert på i kommunestyremøte i juni.

Tilleggsframlegg frå Boris Groth (FRP) på vegner av FRP:

Budsjettendring for kommunebudsjett 2023:



Vaksdal kommune

Brannvern – styrking av kompetanse for å innfri lovkrav Kr 1000000,-

Det skal rapporterast tilbake til politisk nivå innan budsjettprosess 2024 om kommunen er/blir ajour med kompetansekrava innan utgangen av 2024.

Inndekning: Bruk av disposisjonsfond Kr 1000000,-



Orienteringar:

Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad orienterar om økonomi-og handlingsplan 2023-2026/budsjett 2023 for oppvekst og kultur.

Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad orienterar om mottak av flyktningar.

Spørsmål:

Ole-Anders Brekkhus (AP):

- Om spesialundervisning

Ann Kristin Bolstad svarar.

Line Kydland (SV):

-Vedlikehald når kommunen leigar bolig av private.

Ann kristin Bolstad svarar.

Trond Olav Magnussen (H):

-Busetting av flyktningar i høve skule og bolig.

Ann Kristin Bolstad svarar.

Trond Olav Magnussen (H):

-Om plassering av norskundervisning.

Ann Kristin Bolstad svarar.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2022	Levekårsutvalet	PS	06.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	22/1289

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Levekårsutvalet - Sak 18/2022

LEV - Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2022	Levekårsutvalet	PS	06.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	22/1289

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Vedlegg:

Protokoll - Levekårsutvalet - 20.09.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Levekårsutvalet - Sak 19/2022

LEV - Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.



MØTEPROTOKOLL LEVEKÅRSUTVALET

Møtedato: 20.09.2022
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 12:30 - 14:45

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Ivar Rødland Bergo	SP	Utvalseiar
Line Kydland	SV	Nestleiar
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Kjartan Haugsnes	SV	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Evy Beate Kvamme	SV	Kjartan Haugsnes
Trygve Jakobsen	FRP	

Andre møtande:

Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad
Møtesekretær Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
14/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
15/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
16/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR
17/2022	VURDERING AV PRISORDNING FOR SYMJEHALLEN PÅ DALE SKULE



14/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Levekårsutvalet 20.09.2022

Behandling:

Samrøystes vedtak.

LEV - sak 14/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

15/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Levekårsutvalet 20.09.2022

Behandling:

Samrøystes vedtak.

LEV - sak 15/2022 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

16/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.



Levekårsutvalet 20.09.2022

Behandling:

Samrøystes vedtak.

LEV - sak 16/2022 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

17/2022: VURDERING AV PRISORDNING FOR SYMJEHALLEN PÅ DALE SKULE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Kostandsnivået for billettpris i symjehallen vert vidareført som no i 2023.
- Det vert frå 2023 innført ei ordning der vaksne over 18 år, studentar og honnør kan få tilbod om å kjøpe klippekort som gjev ein redusert billettpris.
- Symjehallen skal ha bemanning/ansvarlege som har gjennomført livredningskurs når den er i bruk

Levekårsutvalet 20.09.2022

Behandling:

Oversendingsframlegg frå Ole-Anders Brekkhus, AP:

Kommunedirektøren greier ut moglegheita for at brukarar kan betale ein fast sum for bruk av treningsrom Turbinen og symjehall månadleg.

Oversendingsframlegg frå Lisa Natalie Johnsen Lunde, AP:

Få oversikt på kva det vil koste å leige svømmehallen i helger. Oversikten blir lagt fram på neste formannskapsmøte.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Oversendingsframlegget frå Ole-Anders Brekkhus vart samrøystes vedteke

Oversendingsframlegget frå Lisa Natalie Johnsen Lunde vart samrøystes vedteke

LEV - sak 17/2022 Vedtak/Tilråding:

- Kostandsnivået for billettpris i symjehallen vert vidareført som no i 2023.
- Det vert frå 2023 innført ei ordning der vaksne over 18 år, studentar og honnør kan få tilbod om å kjøpe klippekort som gjev ein redusert billettpris.
- Symjehallen skal ha bemanning/ansvarlege som har gjennomført livredningskurs når den er i bruk



Oversendingsframlegg:

Kommunedirektøren greier ut moglegheita for at brukarar kan betale ein fast sum for bruk av treningsrom Turbinen og symjehall månadleg.

Få oversikt på kva det vil koste å leige svømmehallen i helger. Oversikten blir lagt fram på neste formannskapsmøte.



ORIENTERINGAR

Orienteringar frå kommunedirektør:

- Orientering om tverrfagleg førebyggjande plan v/einingsleiar Jill Bru Johansen
- Orientering om arbeid med trygt og godt barnehage- og skulemiljø v/einingsleiar Gunn Elisabeth M. Aase
- Orientering om bruk av teknologi på sjukeheimen på Vaksdal v/avdelingsleiar Anne Kari Helle
- Orientering om erfaringar med Ung i helse sommaren 2022 v/avdelingsleiar Anne Kari Helle
- Status sak om skulemåltid v/kommunalsjef Ann Kristin Bolstad
- Fast orientering om status for koronapandemi v/kommunalsjef Ann Kristin Bolstad



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
20/2022	Levekårsutvalet	PS	06.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Rikke Haagensen	FE-033	22/1289

REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Levekårsutvalet - Sak 20/2022

LEV - Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
97/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.11.2022
94/2022	Kommunestyret	PS	13.12.2022
21/2022	Levekårsutvalet	PS	06.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA-F40, TI-&20	21/1176

VURDERING AV INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM BARNEVERNSTENESTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å halde fram avtalen om interkommunalt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om barnevernsteneste, der Osterøy er vertskommune.

Tilleggsforslag frå Ivar Rødland Bergo (SP):

Administrasjonen skal jamnleg gje "løypemeldingar" om samarbeidet til levekårsutvalet og kommunestyret.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 97/2022

FPØ - Behandling:

Formannskapet drøftar.
Kommunealsjef Ann Kristin Bolstad orienterar.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vert samrøystes vedteke.
Tilleggsforslag frå FRP fekk 2 stemmer (FRP, Sp), mot 5 stemmer (H, SV, AP) og fall.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å halde fram avtalen om interkommunalt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om barnevernsteneste, der Osterøy er vertskommune.

Levekårsutvalet - Sak 21/2022

LEV - Behandling:

Ole-Anders Brekkhus (AP) ber om at hans habilitet blir vurdert i høve sak 21/2022 og 22/2022 då han er ansatt i barnevernstenesten og han fråtrådte møtet.

Kommunalsjef Ann Kristin Bolstad sin tilråing er at Ole-Anders Brekkhus blir funnet habil jf Fv.l § 6, siste avsnitt.

Røysting:

Samrøyses vedteke at Ole-Anders Brekkhus er habil.

Formannskapet sin innstilling vart samrøystes vedteke.

Tileggsforslag frå Ivar Rødland Bergo (SP) vart samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å halde fram avtalen om interkommunalt vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune om barnevernsteneste, der Osterøy er vertskommune.

Administrasjonen skal jamnleg gje "løypemeldingar" om samarbeidet til levekårsutvalet og kommunestyret.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Formelt grunnlag

I møte 05.04.2022, sak 38/2022 - FORSLAG OM AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID GJELDANDE BARNEVERNSTENESTA - ber kommunestyret om «at ein får vurdert samarbeidet og førebur sak til kommunestyret 13. desember 2022, med tilråding om å fortsette eller seie opp samarbeidsavtalen. I ein eventuell oppseiingsperiode skal ein utgreie alternativer til vedteken modell, inkludert moglegheit for at Vaksdal kommune får det administrative ansvaret for barnevernstenesta.»

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommune har sidan 1. juli 2022 hatt avtale om vertskommunesamarbeid med Osterøy om barnevernstenesta.

Kommunestyret i Vaksdal gav administrasjonen fullmakt til å finna ei utforming på namnet for det interkommunale barnevernet. Dette skulle ivareta behovet for å identifisera barnevernet på vegne av Vaksdal og Osterøy kommunar. Barneverntenesta på Osterøy har i prosess med dei tilsette foreslått namnet Sørfjorden barnevern.

Osterøy barnevern er leia av barnevernsleiar Jannicke Sandvik. Osterøy barnevernteneste er samlokalisert med tenester som skal bistå barn og unge i alderen 0-18 år og deira familie på Familiens hus i Fotlandsvegen på Lonevåg. Tenesta disponera òg eigna kontorlokaler i heradshuset på Dale, 5. etg. Både leiar og tilsette nyttar desse lokala jamleg. Det er viktig for Vaksdal kommune at innbyggjarar i Vaksdal kan møte barnevernet i eigen kommune. Når barnevernet deltek i ansvarsgruppemøter/samarbeidsmøter med ulike tenester møter dei der tenestene driftar/barna oppheld seg, der dette er naturleg.

Innbyggjarane i Vaksdal, Modalen og Osterøy er tilknytt Barnevernsvakten i Bergen. I tillegg vil Vaksdal snart vera del av nasjonal portal for bekymringsmelding. Når kommunen tek i bruk Nasjonal portal for bekymringsmeldingar, kan både privatpersoner og offentleg tilsette sende

bekymringsmelding digitalt til barnevernet.

Kommunane har jamlege møtepunkt på kommunedirektørnivå saman med barnevernsleiar.

Tenesta har 12 tilsette. Tenesta er organisert i team undersøking/tiltak og team omsorg (fosterheim). Dette er ei prosjektorganisering med evaluering om eit år. Organiseringa vert kontinuerlig vurdert opp mot nye lovkrav og ansvar på kommunalt nivå, særleg med tanke på fosterheimsområdet. Tenesta har tilsett merkantil ressurs etter oppstarten i haust.

Modalen kommune har òg inngått samarbeidsavtale med Osterøy kommune på likelydande vilkår. Vaksdal kommune har framleis sitt område for journal/sakshandsaming og arkiv; Visma familie, som eigen database. All post til barnevernet vert handtert av postmottak i Osterøy kommune og ført i Visma familie.

Leiing i Vaksdal kommune, Osterøy kommune og Modalen kommune deltek saman med barnevernsleiar Jannicke Sandvik i regjeringa sitt Barnevernløft i regi av KS. Andre samlinga var gjennomført november 22. Leiing i Vaksdal bistår òg på systemnivå på initiativ frå barnevernsleiar. Typiske område er tiltaksrapportering/system, internkontroll, ROS, avvik og generell støtte.

Tenesta har knytta til seg KS-konsulent i det vidare utviklingsarbeidet. KS-konsulent skal saman med dei tilsette i barnevernstenesta sjå på organiseringa, og korleis denne sikrar ei teneste som møter behova til kommunane (barna og familiare). 8 av 9 barneverntenester i Noreg har etter tilsyn vist utfordringar knytt til å organisera på ein måte som sikrar forsvarlege teneste, og sikrar styring og leiing. Dette er bakgrunnen til at tenesta tok kontakt med KS-konsulent på dette området.

Osterøy barnevern levera tilstandsrapportar etter lovkrav til kommunestyra i dei tre kommunane. Tilstandsrapportane skal gje kommunestyra innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barnevernet for å kunne gjera betre prioriteringar og gje kommunestyra betre kontroll over tenesta (bvl § 2-1 nytt åttende ledd).

Vaksdal kommune er i sluttfasen av arbeidet med Vaksdal kommune sin tverrfaglege plan (løypemelding gitt i levekår i september). Barneverntenesta har delteke i dette arbeidet gjennom barnevernsleiar Jannicke Sandvik. Eit av dei førande prinsippa i ny oppvekstreform er at barnevernet ikkje skal påta seg ansvar for tenester som andre velferdstenester har. Dette krev tett kontakt, koordinering og tverrfagleg samarbeid mellom velferdstenestene og barnevernet. Det er difor sentralt at barnevernstenesta deltek i det overordna tverrfaglege teamet.

Vurdering og konsekvensar

Kommunedirektøren vurderer at tenesta arbeider godt med kvalitetsutvikling i barnevernet. Ein opplever ei open og tilgjengeleg teneste som svarar raskt ved førespurnad og på våre behov for informasjon. Ein opplever òg at tenesta fungerer som ein lærande organisasjon og som søker ekstern kompetanse for å belyse interne læringspunkt.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
98/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.11.2022
95/2022	Kommunestyret	PS	13.12.2022
22/2022	Levekårsutvalet	PS	06.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad	FA-F40, TI-&20	21/1176

ENDRING I AVTALE OM ADMINISTRATIVT VERTSKOMMUNESAMARBEID GJELDANDE BARNEVERNSTENESTA

Vedlegg:

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern vert vedteken slik den ligg føre

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 98/2022

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedteke

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern vert vedteken slik den ligg føre

Levekårsutvalet - Sak 22/2022

LEV - Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern vert vedteken slik den ligg føre

Saksopplysningar:

1. juli 2022 gjekk kommunane Modalen, Vaksdal og Osterøy saman i ei interkommunal barnevernsteneste. Avtale om interkommunalt samarbeid vart lagt fram til kommunestyret i sak 38/22 den 5. april 2022.

Sidan førre handsaming har Modalen kome til og alle endringar i samarbeidsavtalen skal vedtakast i kvar kommune.

Bakgrunn

Som ein del av barneversreforma som vart sett i verk 1. januar 2022 vart det gjort framlegg om eit samarbeid med annan barnevernsteneste for å stette loven sine krav og kommunen sine plikter til barnevern. Gjennom andre halvdel av 2021 og på nyåret 2022 vart det arbeidd med eit interkommunalt samarbeid med Osterøy kommune.

Vaksdal barnevernsteneste har fram til det interkommunale samarbeidet med Osterøy hatt samarbeidsavtale med Modalen kommune der barnevernstenesta i Vaksdal har drifta barnevernstenesta Modalen. Våren 2022 bad Modalen kommune om å verte ein del av det interkommunale samarbeidet med Vaksdal og Osterøy kommunar.

Det er med bakgrunn i dette gjort følgjande endringar i avtale om administrativt vertskommunesamarbeid gjeldande barnevernstenesta i fire av avtalepunkta. Endringane er merka med understreka tekst.

1. Samarbeidskommunar*Opprinneleg tekst:*

Avtalen gjeld mellom Osterøy som vertskommune og samarbeidskommunen Vaksdal kommune.

Ny tekst:

Avtalen gjeld mellom Osterøy kommune som vertskommune og samarbeidskommunane Vaksdal og Modalen kommunar.

1. Namn og føremål*Opprinneleg tekst:*

Namn på felles barnevernteneste er Osterøy og Vaksdal barnevern.

Målet med felles barnevernteneste er å yte heilskaplege og forsvarlege barneverntenester i eit sterkt kompetansmiljø.

Ny tekst:

Namn på felles barnevernteneste er Sørfjorden barnevern.

Målet med felles barnevernteneste er å yte heilskaplege og forsvarlege barneverntenester i eit sterkt kompetansmiljø.

8. Økonomiske tilhøve*Opprinneleg tekst:*

Driftskostnader skal bereknast etter sjølvkostprinsipp. Total kostnad for Osterøy og Vaksdal er berekna til kr. 8,5 mill,- pr. år. Beløpet er forankra i administrativt berekna kostnadsmodell og er basert på barnetal, 0 - 18 år, i samarbeidskommunane.

Etter første heile driftsår vert driftskostnader, ressursbruk og fordeling av faste kostnader evaluert

og administrativt justert, jf. punkt 6.

I tillegg påløper kostnader i implementeringsfasen inkludert ikt-kostnader som skal dekkast av samarbeidskommunane.

Utgifter til individtiltak skal kostnadsførast kommunen vedkomande er heimehøyrende. Ved trong for advokattenester ved fylkesnemndsaker og vert dette belasta kommunen vedkomande er heimehøyrende i.

Vaksdal kommune blir fakturert for fast beløp ved a-kontobeløp og avrekning.

Ny tekst:

Driftskostnader skal bereknast etter sjølvkostprinsipp. Total kostnad for Osterøy, Vaksdal og Modalen er berekna til kr. 10 000 000,- pr. år. Beløpet er forankra i administrativt berekna kostnadsmodell og er basert på barnetal, 0 - 18 år, i samarbeidskommunane.

Etter første heile driftsår vert driftskostnader, ressursbruk og fordeling av faste kostnader evaluert og administrativt justert.

I tillegg påløper kostnader i implementeringsfasen inkludert ikt-kostnader som skal dekkast av samarbeidskommunane. Dette vert vurdert til eit fastbeløp på kr 100 000.- for kvar kommune.

Utgifter til individtiltak skal kostnadsførast kommunen vedkomande er heimehøyrende. Ved trong for advokattenester ved fylkesnemndsaker og vert dette belasta kommunen vedkomande er heimehøyrende i.

Vaksdal og Modalen kommune blir fakturert for fast beløp ved a-kontobeløp og avrekning.

10. Iverksetting, avtaleendring og oppseiing

Opprinneleg tekst:

Planlagt iverksetting av Osterøy og Vaksdal barnevern er primo 2022. Faktisk dato vert bestemt administrativt, dog seinast 30.06.2022.

Prinsipielle endringar i avtalen skal vedtakast av kommunestyra. Mindre endringar i avtalen kan vedtakast av kommunedirektørane i samarbeidskommunane.

Samarbeidet vil kunne bli utvida med fleire kommunar. Dette krev kommunestyrevedtak av ny samarbeidsavtale.

Den einskilde kommune kan med eit års varsel seie opp avtalen, jf kommunelova § 20-8.

Ny tekst:

Oppstart av samarbeidet mellom Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern er 1. juli 2022.

Prinsipielle endringar i avtalen skal vedtakast av kommunestyra. Mindre endringar i avtalen kan vedtakast av kommunedirektørane i samarbeidskommunane.

Samarbeidet vil kunne bli utvida med fleire kommunar. Dette krev kommunestyrevedtak av ny samarbeidsavtale.

Den einskilde kommune kan med eitt års varsel seie opp avtalen, jf kommunelova § 20-8.

Vurdering

Endringar i samarbeidsavtalen går i hovudsak på å få Modalen inn i samarbeidsavtalen og med det endringar i blant anna økonomiske tilhøve.

Barnevernstenesta får namnet Sørfjorden barnevern.

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern

1. Samarbeidskommunar

Avtalen gjeld mellom Osterøy kommune som vertskommune og samarbeidskommunen Vaksdal og Modalen kommune.

2. Rettsleg grunnlag

Samarbeidet om barnevernteneste er eit administrativt vertskommunesamarbeid etter lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 20-2.

3. Namn og formål

Namn på felles barnevernteneste er Sørfjorden barnevern.

Målet med felles barnevernteneste er å yte heilskaplege og forsvarlege barneverntenester i eitsterkt kompetansemiljø.

4. Oppgåver

Vertskommunen skal utøve heilskaplege lovpålagte barneverntenester for samarbeidskommunane. Dette inkluderer akuttberedskap og naudsynt samarbeid med dei andre tenestene i kommunane.

Barneverntenesta skal organiserast slik at den kan drive fagleg forsvarleg.

5. Arbeidsgjevarforhold

Osterøy kommune har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette og felles barnevernteneste inngår i Osterøy kommune sin driftsorganisasjon.

6. Rapportering

Vertskommunen skal løpande og så snart som mogleg rapportere om tiltak som kan ha store økonomiske konsekvensar for samarbeidskommunen. Rapportering til statsforvaltaren sendast i kopi til samarbeidskommunen.

Det skal opprettast eit samarbeidsråd med representasjon av barnevernleiar og kommunedirektørar ev. annan representant frå toppleiarnivået som kommunedirektøren bestemmer. Samarbeidsrådet skal ha møte minst to gonger i året.

Rutinar for budsjettering og rapportering vil bli handsama i samarbeidsrådet første driftsår.

7. Delegering av mynde

Kommunestyret i samarbeidskommunen delegerer vedtaksmynde i einskildsaker etter barnevernlova til barnevernleiar i Osterøy kommune. Kommunestyret i Vaksdal og Modalen gjer instruks til kommunedirektøren i eigen kommune om delegering av naudsynt mynde tilkommunedirektøren i vertskommunen, jf. kommunelova § 20-2, 2. ledd.

Godkjent:

Kommunestyret i Modalen dd.ddm.åå, Kommunestyret i Vaksdal: dd.mm.åå, Kommunestyret i Osterøydd.mm.åå

8. Økonomiske tilhøve

Driftskostnader skal bereknast etter sjølvkostprinsipp. Total kostnad for Osterøy, Vaksdal og Modalen er berekna til kr. 10 000 000,- pr. år. Beløpet er forankra i administrativt berekna kostnadsmodell og er basert på barnetal, 0 - 18 år, i samarbeidskommunane.

Etter første heile driftsår vert driftskostnader, ressursbruk og fordeling av faste kostnaderevaluert og administrativt justert.

I tillegg påløper kostnader i implementeringsfasen inkludert ikt-kostnadar som skal dekkast av samarbeidskommunane. Dette vert vurdert til eit fastbeløp på kr 100 000.- for kvar kommune.

Utgifter til individtiltak skal kostnadsførast kommunen vedkomande er heimehøyrande. Ved trong for advokattjenester ved fylkesnemndsaker og vert dette belasta kommunen vedkomande er heimehøyrande i.

Vaksdal og Modalen kommune blir fakturert for fast beløp ved a-kontobeløp og avrekning.

9. Lokalisering

Barneverntenesta vert lokalisert i Osterøy kommune. Barneverntenesta skal vere til stades lokaltetter tenestleg behov for barneverntenesten.

Vaksdal og Modalen kommune stiller kontorlokale til disposisjon til lokal bruk for barneverntenesta og for tverrfagleg samarbeid med andre relevante tenester i kommunane.

Iverksetting, avtaleendring og oppseiing

Oppstart av samarbeidet mellom Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern er 1. juli 2022.

Prinsipielle endringar i avtalen skal vedtakast av kommunestyra. Mindre endringar i avtalen kan vedtakast av kommunedirektørane i samarbeidskommunane.

Samarbeidet vil kunne bli utvida med fleire kommunar. Dette krev kommunestyrevedtak av ny samarbeidsavtale.

Den einkilde kommune kan med eitt års varsel seie opp avtalen, jf kommunelova § 20-8.

Godkjent:

Kommunestyret i Modalen dd.ddm.åå, Kommunestyret i Vaksdal: dd.mm.åå, Kommunestyret i Osterøydd.mm.åå



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
105/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.11.2022
98/2022	Kommunestyret	PS	13.12.2022
23/2022	Levekårsutvalet	PS	06.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad		22/636

GRATIS SKULEMÅLTID I SKULANE I VAKSDAL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt fram tre ulike forslag til vedtak:

1. Gratis skulemåltid ved skulane i Vaksdal vert ikkje innført.
2. Gratis skulemåltid vert innført på 8. – 10. årssteg, 3 dagar i veka. Skulane driftar ordninga sjølv og får tilført dei ekstra ressursane dette vil koste.
3. Gratis skulemåltid vert innført på 8. - 10. årssteg, 3 dagar i veka. AO-senteret driftar ordninga på Dale skule, medan Eksingedalen oppvekststun driftar ordningar sjølv. Skulane får tilført dei ekstra ressursane dette vil koste.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 105/2022

FPØ - Behandling:

Kommunedirektør har lagt fram tre alternative forslag til vedtak. Ingen i Formannskapet ynkjer å stemme for alternativt forslag 1 eller alternativt forslag 2. Forslag alternativ 3 vart sett opp til votering.

Samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Gratis skulemåltid vert innført på 8. - 10. årssteg, 3 dagar i veka. AO-senteret driftar ordninga på Dale skule, medan Eksingedalen oppvekststun driftar ordningar sjølv. Skulane får tilført dei ekstra ressursane dette vil koste.

Levekårsutvalet - Sak 23/2022

LEV - Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Gratis skulemåltid vert innført på 8. - 10. årssteg, 3 dagar i veka. AO-senteret driftar ordninga på Dale skule, medan Eksingedalen oppveksttun driftar ordningar sjølv. Skulane får tilført dei ekstra ressursane dette vil koste.

Saksopplysningar:

Heimel

Kommunestyret vedtok i PS - 111/2021 – [BUDSJETT 2022 – VAKSDAL KOMMUNE](#) følgjande:
«Kommunestyret ber kommunedirektøren kome attende med ei sak i løpet av 2022 om eit dagleg gratis skulemåltid i skulane i Vaksdal. Saka skal utgreie kostnad og hvordan dette kan organiseres i praksis.»

Ei drøftingssak om gratis skulemåltid i skulane i Vaksdal vart lagt fram i Levekårsutvalet 24.05.22, sak 12/2022, for innspel til saksutgreiing om dagleg gratis skulemåltid. Levekårsutvalet gjorde følgjande tilråding/vedtak:

«Levekårsutvalet gjev følgjande innspel til saksutgreiing om dagleg gratis skulemåltid:

- Kaldmat/smøremåltid*
- Mulig frukt*
- 8-10 årssteg»*

Bakgrunn for saka

Kommunedirektøren såg det som føremålstenleg å avgrensa utgreiinga av gratis skulemåltid i skulane i Vaksdal til å gjelde ein skule i eit pilotprosjekt der ein kunne gjera seg nokre erfaringar.

Saka vart difor lagt fram for drøfting til Levekårsutvalet administrasjonen bad om innspel til saksutgreiinga med føremål om ein modell for gratis skulemåltid som er realistisk å gjennomføre både praktisk og økonomisk. Spørsmåla ein hadde som utgangspunkt til drøftinga var:

- Kva årssteg er mest aktuelt med dagleg gratis skulemåltid?
- Er det aktuelt med dagleg gratis skulemåltid på alle skulane?
- Er det mest aktuelt med måltid som elevane får servert ferdig eller kan det vera smøremåltid slik barnehage gjer det?
- Er det forventningar om kalde eller varme måltid?
- Er det andre innspel administrasjonen bør ta med seg i saksutgreiinga?

Vedtaket i Levekårsutvalet vart lagt til grunn for det vidare arbeidet med saksutgreiinga.

Ungdomsrådet har òg drøfta gratis skulemåltid. Dei peika på at å servera lunsj var betre enn frokost og at det var best med smøremåltid framfor ferdiglaga mat slik at elevane har alternativ til kva dei ynskjer å spise. Dei diskuterte òg hyppigheit av skulemåltid og meinte det ikkje bør serverast kvar dag då det er fare for at elevane vart lei av det.

Nasjonal forskning om skulemat

Det vart i januar 2022 publisert ein rapport frå FHI om gratis skulemat i ungdomsskulen. Det er ei

nasjonal kartlegging av skulematordningar og utprøving av ein enkel modell med eit varmt måltid. Rapporten kan du lesa her [Gratis skulemat i ungdomsskolen](#). FHI ynskte å prøve ut om det er praktisk mogeleg å førebu og tilby eit varmt måltid ved ungdomsskular ved bruk av eksisterande fasilitetar, samt å kartlegge omfanget av skulematordningar ved norske ungdomsskular.

Gratis skulemat (det vil seie eit måltid utan elev- eller foreldrebetaling) vert av mange sett på som eit tiltak som kan løyse fleire utfordringar i samfunnet relatert til kosthald, trivsel og læring, sosial ulikskap og miljø. Sjølv om det i Noreg er ein tradisjon for å ta med mat heimefrå er det fleire elevar som ikkje har gode spisevanar på skuledagar. Utfordringane med eit gratis skulemåltid til alle skuleelevar er blant anna store kostnader knytt til investeringar og drift.

Rapporten viser at omlag kvar sjette ungdomsskule i 2020 hadde ei form for skulematordning, medan det berre var eit tilbod om gratis skulemat kvar dag ved 6 % av skulane.

Helsedirektoratet har forska på trivsel i skulen, medrekna skulemat, og publiserte i 2015 artikkelen [Trivsel i skolen](#). Der står det blant anna:

«Skulemåltidet kan fremme helse, trivsel og læring (Sosial- og helsedepartementet 2003). Et sunt kosthold henger også sammen med bedre skoleprestasjoner, og konsentrasjon og bedret psykisk helse Samdal et al. 2008). Skulemåltidet er viktig for at elever skal ha muligheten til å opprettholde konsentrasjon, læringsvilje og humør. Det har også blitt dokumentert sammenhenger mellom ernæringsmessige inntak og skoleprestasjoner (Florence, Asbridge & Veugeleres, 2008).

I Norge er det vanlig at elevene har med ferdigsmurt matpakke på skolen. I andre europeiske land, som for eksempel i Sverige, får elevene servert et varmt måltid. Noen skoler i Norge har testet ut ulike løsninger med servering på skolen, og hvordan dette påvirker skolehverdagen for elevene og de ansatte på skolen (Haugset & Nossun, 2008). For eksempel er pådekkede fellesmåltider hyggelige og kan fremme et godt sosialt miljø, men de er krevende å gjennomføre da noen må ta ansvar for både tillaging og ryddig. For å ivareta måltidets sosiale funksjon er det nødvendig at det er fysisk tilrettelagt for felles spising og avsatt tilstrekkelig tid for at trivsel oppnås (sosial- og helsedirektoratet, 2003). Læreren kan i måltidsituasjoner ha mulighet for å bygge sosiale relasjoner med elevene og bidra med sunne holdninger knyttet til mat og spising (Haugset & Nossun, 2013)».

Det er òg gjort andre mindre norske studie om skulemåltid:

[Elever foretrakk brødskiver](#) Publisert 02.10.2020

«Flere elever spiste lunsj når de fikk servert skulemat, i følge en studie fra Trøndelag. Men det var bare noen typer mat som fikk elevene til å spise til å spise mer»

[Den norske matpakka skaper forskjeller](#). Publisert 11.04.2019.

«Forsker har intervjuet minoritetsbarn og barn fra fattige familier. Flere av barna i studien skammer seg over matpakka de har med seg på skolen»

[Skulemat utjevner sosiale forskjeller](#) Publisert 28.07.2019.

«En forskningsrapport fra Universitet i Agder sier at gratis skulemat utjevner sosiale forskjeller mellom elever.»

Praksiseksempel og erfaringar frå andre skular i Noreg:

Bodø kommune:

Kommune har i 2021 og 2022 hatt pilotforsøk med gratis skulemat på 5 skular og dei oppsummera følgjande i ei evaluering:

«Piloten forsøkte ut både servert ferdigmat og tilberedning selv. Evalueringen viste at elevene var mest fornøyd der de tilberedte maten selv. Skoler som tilberedte maten selv fikk tilført ressurs til

personal, 15-20 % stilling. Piloten viste oss at det ikke var realistisk å få levert ferdigmat til skoler i distriktet innenfor tildelt ressurs. Prisen på Skjerstad var for høy – Bodø bakeri kunne levere med kjørekostnader på kr 1200 per måltid mens lokale leverandører kunne levere til kr 50 per elev per måltid, pluss kjøring.

Evalueringen viste at der eksisterende personal ble brukt til mat i skolen, var slitasjen stor og tilbakemelding på at skolene måtte få tilført ressurser.

Evalueringen viste at intensjonen med mat i skolen ble godt tatt imot ute på skolene, men at det var stor usikkerhet og bekymring for at det ikke vil følge med ressurser.

Positive erfaringer gjort i piloten, fra de voksne var: elever som spiser lite, spiser mer med mat i skole - elever som skolen vet ikke spiser frokost får i seg mat før skoleslutt - elevene får i seg sunn mat - elevene virker fornøyd, mange spiste mye - skolene som laget maten selv, hadde generelt bedre erfaringer og mindre svinn - sosialt ved å gjøre noe sammen. Fellesskap. Spesielt skolene som laget maten selv

Positive erfaringer gjort i piloten, fra elevene: bedre tid om morgenen, mindre stress - gratis mat - mer pålegg å velge i - spiser med venner - bedre mat på skolen - bedre plass i sekken - mer variert mat enn hjemme - vi fikk mat selv om vi glemte matpakka hjemme»

Kveik-prosjekt ved Voss ungdomskule:

«Erfaringar frå prosjekt på Voss ungdomskule viser til at elevane gjerne vel vekk kantine-lunsj til fordel for å gå i butikken. Det er ungdomsskoleelevar som gjerne vil velgja sjølv og då kan det tenkast at kantine-lunsj ikkje er førstevalet kvar gong. På Voss var det sal av påsmurte, enkle baguetter, smoothies osv. Salet var veldig varierende. Dei første gongane var det utsolgt, men interessa falt etter 2-3 veker med drift. Det endte opp med tap og mykje matsvinn og prosjektet vart avslutta.»

Stortangen skole i Lierne kommune:

Skulen har hatt skulemat i 18 år. Elevane vert samla trinnvis i matsalen kor dei hentar mat frå ein buffet med sunn norsk brødmatt. Ein dag i veka vert det servert varm mat. Sjølv organiseringa vert gjort av ein frå skulen sin stab (kommunen har avsatt eigen ressurs til skulemat) og med hjelp frå ei vekstbedrift i kommunen. Finansiering vert gjort gjennom at kommunen gjev fem assistenttimar i veka og ei abonnementsordning hos foreldra.

Eidebakken skole i Lyngen kommune:

Skulen har hatt gratis skulemat sidan 2013, som ein del av ei satsing på å bedra levevilkåra i kommunen. Det starta som ei forsøksordning, men er vorte permanent etter tre år. Førsetnaden er at kommunen set av pengar. Organiseringa og finansiering skjer gjennom ein assistentstilling som vert omgjort til stilling innan skulemat. Elevane smører maten sjølv. At ikkje skolen har storkjøkkenet set avgrensninger i tilbudet, blant anna at det ikkje er mogeleg å servera frokost.

Her kan ein finne fleire [Praksiseksempel frå Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet](#)

Vurdering og konsekvensar

Bygningsmessige forhold, fasislitetar og andre rammer

Dale skule:

Dale skule har skulekjøkkenet i tilknytning til foaje på skulen og kjøkkenet kan nyttast til å gjera i stand måltidet. Då kjøkkenet er i bruk til faget Mat og helse to dagar i veka, vil det berre vera mogeleg å laga skulemåltid tre dagar. Det vil vera behov for å kjøpe inn ekstra fryseboks og kjøleskap for å kunne lagre og oppbevare mat.

I foajeen er det stolar og bord som elevane kan nytte seg av under måltidet. Her er det òg mogeleg å lage til bord for servering av mat.

Tidsrommet for servering er 30 min pr dag og det må difor verta lagt til rette for rask og effektiv distribusjon. Logistikken må vera godt organisert for å rekke over 150 elever i løpet av friminuttet.

Det er praktisk mogeleg å få til skulemåltid ved Dale skule, 8. – 10. trinn, 3 dagar i veka med smøremåltid/buffet

Eksingedalen oppveksttun:

Ved Eksingedalen oppveksttun har elevane i ungdomskulen undervisningsrom vegg i vegg med kjøkkenet. Det vil vera mogeleg for elevane å hente mat frå kjøleskap på kjøkkenet og saman med kontaktlærer gjennomføre måltid utan spesiell tilrettlegging for sjølve måltidet. Den praktiske delen med innkjøp og organisering må leggjast til ein av dei tilsette ved oppveksttunet.

Det er vurdert to ulike alternativ til organisering og kostnadar til gratis skulemåltid

Alternativ 1 – Dale skule organisera og drifta gratis skulemåltid

Personell

Det vil vera behov for eige, ekstra personell om skulen skal organisera skulemåltid for elevane på ungdomstrinnet. Personell vil ha ansvar for å ta seg av planlegging av innkjøp, bestilling og lagerføring, gjennomføring av lunsjservering og rydding etterpå. Ut frå erfaringar frå andre skular og forskning er det naudsynt med dedikert personell for organisering av det praktisk og administrasjon av ordninga. For Dale skule vil det krevja ekstra bemanning, min 20 % stilling.

Økonomi

Ved gjennomgang av ulike ordingar og organisering av gratis skulemåltid på andre skular i Noreg har ein funne Bodø kommune som ein kommune som nyleg har vurdert ei ordning med smøremåltid og kostnaden ved dette. Utrekning av økonomiske konsekvensar er difor med bakgrunn frå Bodø kommune sine berekningar til kjøp av mat og ekstra personell. Bodø kommune reknar at det kostar kr. 35,50 pr. elev pr dag. Dette er basert på kr 434.100 pr år. i utgifter til personell, inkl ferie, pensjon, arbeidsgiveravgift og kostnaden til kjøp av matvarer.

Kostnadar med vel 150 elevar og gratis skulemåltid 3 dagar i veka heile skuleåret:

Dale skule	kr. 35,50 pr. elev pr. dag (*114 dagar * 150 elevar)	kr 607 050,-
Eksingedalen oppveksttun	kr. 35,50 pr. elev pr. dag (*114 dagar * 3 elevar)	<u>kr 12 141,-</u>
<u>Samlå kostnad</u>		<u>kr. 619 191,-</u>

Investering av kjøleskap og fryseboks vil koste mellom kr. 10 000 – 15 000.

Alternativ 2 – AO-senteret organisera og drifta gratis skulemåltid ved Dale skule

Personell

AO-senteret vil ha behov for 1 arbeidsleiar og 1-2 VTA deltakarar for å planlegge innkjøp, bestilling og lagerføring, gjennomføring av lunsjservering og rydding etterpå. Det vert lagt til grunn at dei treng 3-3,5 timer dei dagane dei skal servera, om lag 10 timar pr veka.

AO-senteret tenkjer å lage til ein buffet med brød, forskjellige pålegg og dele opp frukt og grønnsaker som elevane kan forsyna seg av. Som variasjon kan dei smøre på baguetter som er ferdige til å ta med i handa for elevane.

Økonomi

Matkostnad Pr dag	Pr uke	Pr måned	Pr år (skoleår)
150x 25 kr = 3750	3750x 3 = 11 250 kr	11 250 x 4 = 45 000 kr	450 000
Kostnad drift pr dag	Drift pr uke	Drift pr måned	Drift pr år (skoleår)
1500 kr	1500x 3 = 4500 kr	4500 x 4= 18 000 kr	180 000

I oppsettet over er det rekna kr 25,- pr. elev i matkostnadar pr. dag med utgangspunkt i 150 elevar. Matkostnaden er rekna ut frå 2-3 brødsiver med pålegg, og frukt eller grønnsaker. Driftsansvar vil koste kr. 1500 pr dag. I denne kostnaden ligg bestilling, lagerføring, servering og rydding og eventuelle andre ting som dukker opp.

Investering av kjøleskap og fryseboks vil koste mellom kr. 10 000 – 15 000.

AO-senteret vil ikkje kunne gje same tilbud ved Eksingedalen oppveksttun.

Oppsummering

Forskning viser at skulemat kan utjevna sosial ulikskap, kan vera miljøskapande og kan påverke at dei som ikkje har matpakke med på skulen i dag får eit skulemåltid. Men som forsøket til folkehelseinstituttet viser er det vanskeleg å påverke gjennom mat i skulen at elevane får eit sunnare kosthald. Forskinga viser at det bør setjast av personalressursar til dette for at ordning skal fungera. Det bør òg vera eit visst nivå kvalitetsmessig på måltidet. Utfordringa med eit gratis skulemåltid er store kostnadar knytt til investeringar og særleg drift.

Om det er ynskjeleg å innføra gratis skulemåltid i skulane i Vaksdal, her 8. – 10. årssteg på Dale skule og Eksingedalen oppveksstun, vil det vera naudsynt at skulane får ekstra ressursar for iverksettjing.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
102/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.11.2022
24/2022	Levekårsutvalet	PS	06.12.2022
102/2022	Kommunestyret	PS	13.12.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad		22/1307

Orientering om bemanning i barnehagane i Vaksdal

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 102/2022

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedteke

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Saka vert tatt til orientering

Levekårsutvalet - Sak 24/2022

LEV - Behandling:

Samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Saka vert tatt til orientering

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Heimel

I møte 14.12.2021, sak 111/2021 – Budsjett 2022, ber kommunestyret i verbalforslag *Utvida opningstid i barnehage*, punkt 3, om å få ei utgreiing i 2022 om «korleis bemanning, bornegrupper, og krav frå staten, vert handsama i barnehagane våre og om bemanning vi har i dag er stor nok/bornegruppene små nok til å stette krava i lovverket.»

Bakgrunn for saka

Om nasjonal bemannings- og pedagognormen

1. august 2018 vart det innført bemanning- og pedagognorm i barnehage ved lov og forskrift. Bemanningsnorma krev at barnehagane skal ha minst ein tilsett per tre barn under tre år og ein tilsett per seks barn over tre år.

Norma for pedagogisk bemanning (pedagognorma) krev at barnehagen skal ha minst ein pedagog per sju barn under tre år og ein pedagog per fjorten barn over tre år. Pedagogen må ha utdanning som barnehagelærer eller annan treårig pedagogisk utdanning med vidareutdanning i barnehagepedagogikk.

Kommunen kan gje dispensasjon frå utdanningskravet for inntil eitt år om gangen, slik at ein person som ikkje oppfyller utdanningskravet, kan jobbe som pedagog.

(Kilde: Barnehageloven § 26, forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager §§ 1 og 2.)


Bemanning i barnehagane i Vaksdal

Sidan bemanningsnorma vart innført i 2018 har barnehagane i Vaksdal oppfylt bemanningsnorma for barn pr. tilsett kvart år. Pedagognorma har vore oppfylt med dispensasjonar i 2019, 2020 og 2022, medan ein i 2021 oppfylte pedagognorma utan dispensasjonar. Det er utfordrande å rekruttera tilstrekkeleg tilsette med rett utdanning, særleg for kortare periodar ved ulike permisjonar.

Det er stor variasjon i barn pr. barnehagelærer og i barn pr. tilsett i barnehagane. Dei små barnehagane har færre barn pr. tilsett enn dei større barnehagane.


I 2021 hadde barnehagane på Vaksdal, Stanghelle og Dale 12,8 – 13,5 barn pr. barnehagelærer, medan Stamnes hadde 9 og Eksingedalen 5. Pedagognorma er 14 barn pr. barnehagelærer.

Oversikt barn pr. barnehagelærer 2021:



Barn pr. tilsett viser den same variasjonen. I barnehagane på Vaksdal, Stanghelle og Dale er det 4,6 – 5,1 barn pr. tilsett, medan Eksingedalen har 3,1 og Stamnes 2,9. Bemanningsorma er 6 barn pr. tilsett.

Oversikt barn pr. tilsett 2021:



Barnehageåret 2022 - 2023

I inneverande barnehageår 2022 - 2023 har barnehagane tilstrekkeleg bemanning for å stetta både bemannings- og pedagognorm med dispensasjonar. Pr. 7. oktober 2022 ser tala ut som følgjer:

OVERSYN BARN OG BEMANNING PR. 7.10.22								
Barnehage	Tal barn	Tal plassar	Barnehagelærarar	Fagarbeidarar	Assistentar	Tot. Årsverk	Krav pedagog	Krav total bemannir
Stanghelle	55	84	6,2	2,8	6,2	15,2	6	1
Vaksdal	56	70	5	7,4	1,45	13,85	5	11,6
Dale	32	32	3	1,6	1,8	6,4	3	5,
Stamnes	6	8	1		2	3	1	1,
Eksingedalen	2	4	1			1	1	
TOT	151	198	16,2	11,8	11,45	39,45	16	33,2

Vi har pr. 7. oktober noko meir bemanning enn norma. I Stanghelle barnehage er det auke i bemanning etter vedtak om utvida opningstid til kl. 17.25. òg Vaksdal, Dale og Stamnes har fleire årsverk enn norma. Dette er grunna i blant anna vedtak om tilrettelegging, styrking pga manglande ressurs til styrar i ein periode og opningstid. På Stamnes er òg barn i SFO inkludert i barnehagedrifta.

Det vert gjort vurderingar ved opptak kvar vår med å fordele barn i dei ulike barnehagen slik at ein nyttar kapasitet i høve tal pedagogar og fagarbeidarar/assistentar best mogeleg.